



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.05.2026 - helse og omsorg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Rapport frå økonomisystemet

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Sektoren er i ein krevande situasjon nå grunna omstilling og mangel på personell. Det er sjukefråvær i fleire av leiande stillingar i sektoren, dette er løyst delvis med innleige av personell frå bemanningsbyrå. Dette er løysingar som har vore naudsynte for å få kvardagen til å gå men er krevjande på den økonomiske sida.

Sjukefråvær gjer også at forslag til ny helse og omsorgsplan ikkje blir lagt fram til politisk handsaming nå i vår som tidlegare varsla.

Innanfor helse har det vore prosjektstilling knytt til rus og psykiatri som har blitt finansiert av øyremerka tilskot frå Helsedirektoratet det seiste året. Dette tilskotet er nå lagt inn i rammeoverføringane frå staten slik at, dersom ein skal oppretthalde stilling knytt til psykiatrioppfølging, må ramma til sektoren aukast med lønsmidlar tilsvarande ei stilling. Prosjektstillinga som er finansiert av eksterne tilskot til førebyggjande arbeid for barn og unge vert framleis finansiert av eksterne øyremerka tilskot og kan fortsette som før.

På POS er det framleis lite belegg noko som gjer at inntektene sviktar i forhold til budsjett. Her er nå det teke grep for å bruke personell på andre avdelingar som har behov.

Men det er lite tilgang på vikarar ved kortare fråvær og ferier slik at ein må innimellom bruke eigne tilsette som gjev bruk av overtid for å oppretthalde rett kompetanse for å ivareta lovmessig drift.

Det blir nå arbeid med finne løysingar som går på tvers av avdelingane og der ein brukar kompetanse på rette arbeidsoppgåver.

I heimsjukepleia og TTF er det også krevande med mangel på personell. I TTF er det også bruka bemanningsbyrå for å ha rett kompetanse på plass. Her blir det nå arbeid med gjennomgang av tenestene for kvar brukar for å sikre at vi har rett kompetanse på rett plass og at tilbudet som blir gjeve er i tråd med behov.

Konklusjon:

Sektoren har utfordringar med å halde den økonomiske ramma men det blir nå arbeid med omstilling i sektoren for å effektivisere drifta.

Omstillingsarbeidet blir gjort i nært samarbeid med dei tilsette og fagforeningane.

Rekrutteringsarbeid er eit pågåande arbeid for å dekke opp ledige stillingar og vikartimar.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Den økonomiske rapporten frå sektor helse og omsorg pr. 1. mai 2026 vert teken til vitande.

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg ber om at økonomiske ramma aukast tilsvarande ei stilling innanfor område rus/psykisk helse grunna at øyremerka tilskot nå er lagt inn i rammeoverføringane frå staten.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef